

Musikkvideoen frå Festidagen ferdig redigert. Sjå den her!

14.08.2013



Egil Pile og 13 barn i god musikkvideo

**I samband med Festidalen for nær to veker sidan vart og nyskapinga Festidagen avvikla. Festidagen var eit variert og godt tilbod som i hovudsak retta seg mot barn og unge. Ei gruppe på 13 barn laga ein flott musikkvideo. No er den ferdig redigert, og vi kan sjå den ved å klikke på lenkja nedanfor.**

Videoen vart første gang vist for nær 60 publikummarar lørdagen under Festidalen. Då var den ikkje heilt ferdig, men likevel kosa dei som såg den seg veldig. No har Merethe Offerdal Tveit, som var instruktør for gruppa, redigert den ferdig og lagt på litt effektar. Den er og lagt ut på youtube, og dersom de klikkar [her](#), vil de kunna kosa dykk med resultatet.

Musikken på videoen er låten Tingene av Fjorden Baby! som spela på Festidalen fredag.

Kos dåke med produktet til Merethe og dei flinke filmelevane hennar!

Av: Thor Inge Døssland  
Foto: Festidalen/Tom Bråthen